

Naboar/rettshavarar
Offentlege mynde
Lag og organisasjonar

Stord, 28. november 2023

OPPSTARTSVARSEL MED PLANPROGRAM

Detaljreguleringsplan for postsmoltanlegg 68/7 mfl. Skålevik (planid 202007)

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 (og § 12-9) vert det med dette varsla oppstart av privat detaljregulering med konsekvensutgreiing for postsmoltanlegg, Skålevik på Goddo i Bømlo kommune. Forslagsstillar er Bremnes Seashore AS, og Multiconsult Norge AS er fagkyndig og utførande rådgjevar.

Bremnes Seashore ynskjer å utvide eksisterande lokalitet i Skålevik på Goddo, mellom anna for å kunne ha fisken lengre på land før han vert sett ut i sjø.

Det vart gjennomført oppstartsmøte med Bømlo kommune 24.10.2023. Referat frå møtet er lagt ved.

Planområdet

Planområdet er om lag 105 daa, og omfattar heile eller deler av eigedomane gnr./bnr. 68/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10 og 69/1, 3, 4, 6, 9 og 10. Plangrensa er vist på vedlagt kart. Det vedlagte planområdet er større enn det som vert den endelege avgrensinga i planframlegget. Dette er gjort for å sikre nok areal til dei endringane som det er ynskjeleg å gjennomføre i planområdet. Planområdet kan bli redusert etter kvart som plassbehovet for dei ulike arealføremåla vert avklart.

Bremnes Seashore har i dag eit settefiskanlegg på gnr./bnr. 68/7, 8 og 69/4. Reguleringsplanen vil legge til rette for bygging av postsmoltanlegg på land. Det vil truleg verte etablert fleire bygg. Det er per i dag usikkert om- og kva delar av eksisterande anlegg som vert vidareført. Det er òg uklart kor mange byggetrinn det vert snakk om. Det er planlagt utfylling i sjø, for å sikre best mogleg massebalanse, for å auke arealet på sjønivå, og for å leggje til rette for djupvasskai. Det er allereie etablert fyllingar og kaiområde i denne strandsona i dag.

Det føreligg ikkje reguleringsplan for området, men det er starta opp arbeid med regulering for utviding/oppgradering av eksisterande akvakulturanlegg i 2020.

Gjeldande kommuneplan for Bømlo kommune viser dei aktuelle områda innanfor føreslått varslingsgrense som LNFR-spreidde bustader, reint LNFR- føremål, naustføremål, fritidsbusetnad og næringsbygningar (settefiskanlegg/fiskeoppdrett). Sjøområda i planområdet er regulert til noverande akvakultur (AK) og noverande bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsona, samt naustføremål.

Melding om konsekvensutgreiing med planprogram

Planarbeidet er vurdert i høve *Forskrift om konsekvensutredning*, og det er vurdert at det er krav om konsekvensutgreiing (KU) og planprogram for reguleringsplanen. Planprogram for Skålevik vart fastsett 21.06.2021. På bakgrunn av utviding av område vert det laga revidert planprogram til planen.

Program for utgreiinga er vist i vedlagt revidert planprogram som vert sendt på høyring samstundes som det vert varsla oppstart av planarbeidet.

Oppstartsmeldinga med planprogram vert sendt på høyring til naboar og grunneigarar, aktuelle regionale og statlege mynde, lag og organisasjonar. Oppstarten vil òg verte annonsert på nettsidene til Bømlo kommune, samt i Bømlo-nytt.

Innspel skal sendast skriftleg på e-post til Ids@multiconsult.no, eller i brevform til:

Multiconsult Norge AS avd. Stord
Kunnskapshuset, Sæ 132
5417 Stord

Frist for innspel/merknadar: 27.01.2024

Det bør presiserast kva som er innspel til oppstartsvarselet og kva som er innspel til innhald i planprogrammet.

For meir informasjon, sjå Bømlo kommune sine nettsider.

Etter at innspelsfristen er gått ut, vil innspela bli kommentert og innarbeidd i planprogrammet. Planprogrammet vert deretter vedteke politisk i kommunen.

Planprogrammet legg føringar for det vidare planarbeidet. Når planframlegget er ferdig utarbeidd, vert det sendt til kommunen for politisk 1. gongshandsaming. Etter vedtak om utlegging til høyring, vert planframlegget sendt til naboar og aktuelle offentlege etatar, og høyringa vert varsla på kommunen si nettside.

Med venleg helsing

Multiconsult

Linda D. Sønstabø

Linda D. Sønstabø

Vedlegg :

- Kart med forslag til varslingsgrense
- Planinitiativ
- Referat frå oppstartsmøte
- Kart kommuneplan
- Vedtak med følgjebrev
- Framlegg til revidert planprogram